

Krav til innsending:

Minstekravet til innlevering vil typisk vere dei dokumenta som vert endra, plankart og/eller reguleringsføresegner, illustrasjonsplan og ein forenkla planskildring som viser dei endringane som forslagsstiller ynskjer.

Planskildring:

Planskildring skal innehalde ein oversikt over endringane, og gjere greie for den einskilde endringa. Det skal gjerast greie for kva som er årsaka til endringane, og konsekvensane av desse. Dette inkluderer ei utgreiing for om endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, ikkje går utover hovuddrammene i planen, og heller ikkje råke omsynet til viktige natur- og friluftsområder, jf. pbl. § 12-14 om forenkla prosess.

Planskildringa må også inkludere ein vurdering av endringsforslaget sine konsekvensar for naturmangfald, universell utforming og barn og unge sine interesser.

For utforming av forenkla planskildring kan ein ta utgangspunkt i mal for planinitiativ, som kan lastes ned via kommunen si heimeside under fanen [skal du lage privat reguleringsplan?](#)

Føresegner:

Ved endring i føresegner må føresegsdokumentet påførast revisjonsdato. Den einskilde føresegn som er endra må merkast, og endringsdato må vise i fotnote i dokumentet.

Plankart:

Ved endring i plankart må teiknereglane i gjeldande Plan- og bygningslov/Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan nyttast.

Varselbrev og varslingsliste for høyring:

Det skal utarbeide varselbrev for høyring, og framlegg til varslingsliste, som skal sendast saman med planframlegget.

Når plandokumenta og tilhøyrande varselbrev er godkjent av administrasjonen, sendar kommunen brev med vedlegg på ei 3 vekers begrensa høyring.

Det er krav til høyring, men ikkje offentleg ettersyn for planendringar etter pbl. § 12-14:

Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9

Plikt til varsling gjeld i høve både offentleg styresmakter og private.

Gjer merksam på at ordlyden i pbl. § 12-14, 3. ledd vart også endra i 2017. Endringa er ei utviding av varslingsplikten.

Medan varslingsplikt etter ordlyden frå 2009 bare omfatta «berørte myndigheter», og eigar og festar av eigedomar som «direkte berøres» av vedtaket omfattar varslingsplikta no «og andre berørte». Det vil såleis ikkje vere nok å bare sjå på kven som er grunneigar og nabo (direkte råka), det må også vurderast konkret om andre kan verte råka av endringa.